



Helge Dalland
Stekkevikvegen 12
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/737 - 14/14303

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
23.09.2014

Godkjenning - Løyve til utlegging av flytebrygge på gbnr 49/140, Io

Administrativt vedtak. Saknr: 261/2014

Saksutgreiing:

Omsøkt tiltak:

Helge Dalland og Else-Britt Straumøy Dalland har ved søknad motteke 8.4.2014 søkt om løyve til utlegging av flytebrygge med landgang ved eksisterande brygge på gbnr 49/140 på Io i Meland kommune, jf pbl § 20-1 bokstav (a), jf pbl § 20-2 bokstav (d). Omsøkt flytebrygge er på 2 x 12 meter og skal leggest parallelt med eksisterande brygge for å betre tilkomsten mellom båt og kai. Flytebrygga ligg på eigen eigedom og er til eige bruk, og kan difor etter kommunens skjønn omsøkast utan ansvarsrett.

Omsøkt eigedom ligg innanfor 100-meterbeltet frå sjø og i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel. Utval for drift og utvikling i Meland kommune gav dispensasjon for tiltaket ved vedtak av 3.6.2014.

I høve til sakshandsamingsfristane i pbl § 21-7, var søknaden komplett ved utløpet av klagefristen for dispensasjonsvedtaket. Klagefristen for Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune gjekk ut 9.7.2014. Det vert vist til rettleiar til SAK 10 kap 7, der følgjande er uttalt:

«Dersom det i forkant er gitt dispensasjon fra plan, og dispensasjonsvedtaket er endelig, vil den tilknyttede byggesaken være en "ren" byggesak der tidsfristene i pbl. §§ 21-7 og 21-8 gjelder [adm. understreking]».

Kommunen si sakshandsamingsfrist på 12 veker etter dette, jf pbl § 21-7, går derfor ut først 9.10.2014. Kommunen årsaker likevel lang sakshandsamingstid, som skuldast stor arbeidsmengde og ferieavvikling ved avdelinga.

Lov- og plangrunnlag:

Gjennom dispensasjonshandsaminga er tiltaket avklart i høve til plan- og lovgrunnlag.

Nabovarsel og førehandsuttale frå Bergen og Omland Havnevesen (BOH):

Tiltaket har vore nabovarsla utan merknader i samband med dispensasjonshandsaminga. Bergen og Omland Havnevesen har i førehandsuttale i brev dagsett 17.3.2014 opplyst at dei ikkje kan sjå at tiltaket vil vere problematisk etter Lov om havner og farvann.

Vurdering:

Utforming og plassering:

Tiltaket skal plasserast og utførast i samsvar med UDU-vedtak av 3.6.2014, jf vedlagte teikningar stempla godkjend 23.9.2014. Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar plan- og bygningslova sine krav til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 – 29-2. Tiltaket vert vurdert å vere i samsvar med gjeldande krav til plassering, høgde og avstand frå naboeigedomar og omliggjande byggverk, jf pbl § 29-4.

Vilkår om godkjenning frå BOH før igangsetting:

Administrasjonen set som vilkår for igangsetting av tiltaket at løyve frå BOH vert omsøkt og gjeve. Det vert vist til førehandsuttale frå BOH i brev dagsett 17.3.2014. Dokumentasjon for handsaming av BOH skal sendast kommunen når dette ligg føre.

Vedtak

«I medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav (a), jf pbl § 20-2, gjev Meland kommune løyve til utlegging av flytebrygge på gbnr 49/140 i Meland kommune, jf søknad motteke 8.4.2014. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plasseringa av bygg og kaianlegg skal vere som vist på vedlagte situasjonskart og teikningar stempla godkjend 23.9.2014.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova, som er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Innan arbeidet vert sett i gong må Bergen og Omland Havnevesen (BOH) ha gjeve løyve til tiltaket. Vilkåret er oppfylt dersom BOH ikkje krev søknad. Dokumentasjon for handsaming i BOH

skal sendast kommunen når dette ligg føre.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt ikkje anna er bestemt ovanfor.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.»

Vedtaket er gjort administrativt i medhald av delegert mynde. Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 27, jf vedlagt skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Helge Dalland

Stekkevikvegen 12 5917

ROSSLAND